



Vår saksbehandler
Hans Fr Lauvstad – tlf 57 72 32 55
E-post: hla@fm-sf.stat.no

Vår dato
11.12.2003
Dykkar dato
28.10.2003

Vår referanse
2003/9688 – 2/410
Dykkar referanse

Landbruksdepartementet
pb. 8007 Dep
0030 Oslo

Landbruksdepartementet	
Emne:	2003 / 2997 - 99
Mottatt:	12 DES 2003
Saksbehl.:	ASB/BS
Kopi:	TIN 486

Høring på utkast til forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i landbruket og forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket

Vi viser til sending frå Landbruksdepartementet 28.10.03.

Vedlagt høyringsfråsegnene frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

I tillegg til våre merknader til kvar einskild forskrift, vil vi kommentere at det er relativt stor skilnad på dei to forskriftene når det gjeld kommunane sin fridom til prioritering av tiltak, og detaljeringsgrad. Med tanke på at kommunane skal forvalte begge desse forskriftene, som omhandlar tiltak som i stor grad kan samanliknast, hadde det etter vår meining vore ein fordel om graden av fridom hadde vore meir samordna. "Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i landbruket" ligg i så måte nærast opp til intensjonane i kommunereforma.

Med helsing

Per Ingolv Nygård
Per Ingolv Nygård
Landbruksdirektør

Hans Fr Lauvstad
Hans Fr Lauvstad
fylkesskogsjef

Vedlegg: 2 høyringsfråsegner

Forskrift om tilskudd til nærings – og miljøtiltak i skogbruket.

Generell merknad:

I ” Forskrift til spesielle miljøtiltak i landbruket”, § 8, er det vist til at kommunen skal fastsette overordna retningslinjer for prioritering av søknader. Tilsvarende er ikkje nemnt i I ”Forskrift om tilskudd til nærings – og miljøtiltak i skogbruket”. Vi finn det naturleg at det i begge forskriftene vert vist til dei kommunale tiltaksstrategiane.

Det har vore tradisjon for at gode fellestiltak og samarbeidstiltak bør premierast, også når det gjeld tildeling av tilskott. Dette bør nemnast som ei oppmoding også i denne forskrifra.

Til § 1 -2 Virkeområde m.m.

I andre leden står det at tilskott berre kan gjevast for tiltak som vert gjennomført etter at forskrifta er sett i kraft. Mange veganlegg har byggetid på fleire år, og tilsvarende periode for utbetaling av tilskott. For veganlegg som no er under bygging, vil dette skape vanskar.

Vi ber om at det vert innført overgangsordningar for skogvegar som er under bygging, slik at desse kan fullførast utan unødig forsinking.

Til kap. 2. Tilskudd til skogkultur

§2 -1 Generelt

Det verkar ulogisk at det ikkje skal vere høve til å gje tilskott til det mest verdiskapande og kvalitetsfremjande tiltaket innan skogkultur, tilskott til planting. Omsetningsstatistikken i Sogn og Fjordane viser at vel 80% av hogstkvantumet er planta gran, sjølv om grana berre veks på 13% av det produktive skogarealet, og at kvaliteten på denne grana er jamt over god i høve til naturskog.

For skogreisingsstroka, der skogavgifta enno har liten effekt, vil dette slå sterkt ut, og redusere dei langsiktige investeringane i skogen. Dette vil på lang sikt få negative følgjer for hogstkvantumet.

Vi ber om at forskrifta vil opne for høve til å gje tilskott til planting og såing.

Til Kap. 3. Tilskudd til veibygging

§ 3- 1 Generelt

Vi meiner det er positivt, og forbetring i høve til gjeldande forskrift, at heilskapsløysingar for betre utnytting også av utmarksressursane er eksplisitt nemnt. Dette stadfester at verdiar knytte til utmark har aukande næringsmessig betydning. Vi legg til grunn at også desse verdiane vert med i det økonomiske grunnlaget for å bygge veg.

Når det gjeld vegar som reduserer ”villmarksprege område”, gjev dette i mange høve merkelege utslag i vårt fylke. Vegar i granlier ved fjorden, vil kunne redusere ”villmarksprege område” 5 km unna rekna horisontalt, t.d. på ein isbre eller fjelltopp som ikkje har noka form for opplevingssamanheng med området der vegen blir bygd. Dersom omgrepet kunne definerast ut frå samanheng i landskap eller naturkvalitet, ville det lettare gje meining og forståing.

Kap. 5. Tilskudd til andre tiltak i skogbruket

§ 5- 1 Generelt

I følge framlegget er det ikkje høve til å gje tilskott til skogsdrift med taubane. Landsskogtakseringa sine registreringar viser at vi har det brattaste, og sannsynlegvis vanskelegaste skogsterrenget i landet. Store mengder kulturskog av gran står i dei bratte liene, veksten er svært god, og hausting av skogreisingssskogen kan ta til om knapt 10 år. I tillegg står det mykje hogstmogen naturskog, mest fure, i same terrengetype. Skogressursane i det bratte terrenget kan, ut frå kjend teknikk, berre haustast ved hjelp av vegbygging og ved bruk av taubanar. Bortfall av tilskott til taubanedrifter vil auke trongen for vegbygging, og ein kan frykte at det økonomiske grunnlaget for det vesle taubanemiljøet som er att i landet, vil falle bort. Dette vil igjen føre til at hogsten vil gå ned, med negative konsekvensar for trebasert verdiskaping.

Vi ser det som positivt at tømmerdrift med hest er spesielt nemnt i forskrifta, og signaleffekten som ligg i det. Sjølv med utgangspunkt i Fjordhesten sitt heimland, lyt vi vedgå at vi har lita tru på at hesten vil løyse nokon vesentleg del av tømmertransporten i det bratte terrenget i Sogn og Fjordane.

Det er grunn til å gjere merksam på at miljøørsla, representert ved Noregs Naturvernforbund, er positive til bruk av taubane for å ta ut granskog i Sogn og Fjordane.

Vi ber om at det også i framtida vil vere høve til å gje tilskott til taubanedrifter. Vi ber også om at omgrepet **taubane** blir definert i tilskottsamanheng.

§ 6 -3 Utbetaling

Det går ikkje fram av forslaget kven som skal stå for utbetaling av tilskottet. Vi ber om at dette blir presisert.

Maksimal andel av tildelte beløp til skogbrukstiltak til skogsvegar.

Dette er omtala i oversendingsbrevet. Innføring av ein slik regel vil innskrenke kommunane si moglegheit til å prioritere støtte til dei skogbrukstiltaka dei finn viktigast. Slik vi kjenner skogbruket i fylket og i den einskilte kommune, ikkje minst ut frå søknader om tilskott til bygging av skogsvegar, er det stor trong for bygging av vegar, og for tilskott. Skogavgifta, som er svekka når det gjeld bygging av nye vegar, er ikkje tilstrekkeleg til å dekke både planting og vegbygging i samband med hogst. Godkjenningsordninga, og streng prioritering av vegmidlane, vil etter vår røynsle sikre god miljøprofil på vegbygginga.

Dersom ovannemnde avgrensing vert ståande, vil det etter vår vurdering gjere det vanskeleg å gjennomføre store og kostbare fellesanlegg, slike anlegg som særleg er med på å lage gode heilskapsløysingar. God og rask tilskottsfinansiering er viktig for gjennomføring av slike anlegg, både ved planlegging og bygging.

Vi ber om at denne avgrensinga i kommunane sin fridom til å nytte tilskottsmidlar til det føremålet kommunane sjølv kjenner best, ikkje vert sett i verk. Same prinsipielle innvending kan også brukast mot forbod mot tilskott til planting og såing, og taubanedrifter.

Vi vil også understreke at regelen, slik han er forma ut, vil bli svært vanskeleg å forvalte. Strengt teke veit ein kommune ikkje før året er omme, kor mykje tilskott som er brukt til andre skogbruksføremål, og som dermed kan brukast til vegbygging.

Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i landbruket

Generelle merknader

Framlegget som ligg føre er sterkt innkorta i høve til t.d. noverande STILK – forskrifter. Det er lagt til rette for stor fridom for kommunane til lokal tilpassing og prioritering. Likeeins ei forenkling og harmonisering når det gjeld maksimale tilskottsatsar for ulike tiltak. Dette vurderer vi som klårt positivt i høve til gjeldande forskrifter.

På den andre sida ser vi at forskrift med så lite detaljering vil gje stort rom for skjøn og subjektiv vurdering. Sakshandsamarane i kommunane vil få ei krevjande oppgåve i å vurdere søknader på objektivt og fagleg grunnlag, ikkje minst med tanke på moglege avslagssaker. Stor grad av subjektive vurderingar i kvar einskild sak vil også vere vanskeleg for fylkesmannen å forhalde seg til i samband med klagesaker.

Avgrensinga i maksimalt tilskot på kr. 200 000 per landbrukseigedom over ein periode på 5 år for tiltak på freda og verneverdige bygningar, er ikkje med i framlegget. Det er heller ikkje sagt noko om eventuell kopling til tilskot frå BU – ordninga eller tekniske miljøtiltak i denne samanhengen. Vi legg difor til grunn at slik øvre tilskotgrense ikkje lenger er aktuell.

Vi kan ikkje sjå at det er nemnt noko om at tiltaket det blir søkt om tilskot til, ikkje må vere oppstarta eller gjennomført før søknad om tilskot er avgjort. Dette meiner vi er eit vesentleg punkt i samband med prioritering og eventuelt avslag på søknader.

§ 2 Virkeområde

Vi konstaterer at framlegget ikkje gjev detaljar om ulike virkeområde, eller kva for tiltak som fell innanfor forskriftene. Freda og verneverdige bygningar, kulturminne, tilgjenge i kulturlandskapet osv. er ikkje nemnt som tiltaksobjekt. Vi legg til grunn at slike tiltak fell inn under omgrepet "*fremme kulturverdier*". Forskriftene inneheld heller ingen definisjonar og forklaringar av omgrep. Dette kan vere avklarande og nyttig, særleg for uerfarne sakshandsamarar. Vi meiner her det kan vere verdfullt med utfyllande retningslinjer, til dømes i samband med tildelingsbrevet.

Vi har i vårt fylke område som er regulert til kulturlandskap. Vi meiner reguleringsføremåla nemnt i § 2 bør utvidast til å omfatte område som er regulert til jordbruk, kulturlandskap m.v..

§ 3 Vilkår

Når det gjeld driftsomfang på eigedomar som kan få tilskott, meiner vi at avgrensinga i §3 er enkel å forhalde seg til. Vi vil nemne at det er mykje verdfullt kulturlandskap på små eigedomar i vårt fylke, også på eigedomar som ikkje mottek produksjonstillegg. Dispensasjon frå kravet om driftsomfang som fyller krava til produksjonstillegg, skal, til liks med anna dispensasjon, avgjerast av fylkesmannen. Departementet bør vurdere om dette dispensasjonstilfellet vil gjelde så mange og enkle saker, at avgjerda bør leggst til kommunen.

§ 5 Tilskudd til kulturlandskapstiltak og forurensingstiltak

Når det gjeld tiltak mot landbruksureining tolkar vi framlegget slik at det også opnar for tilskot til tiltak som i dag ikkje fell innanfor IMT – ordninga., t.d. utbetring av gjødsel – og pressaftanlegg på enkeltbruk. *Dersom dette ikkje er meininga, bør også dette avklarast gjennom utfyllande retningsliner frå Statens Landbruksforvalting.*